



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om forlenga byggjefrist - overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet - Kvinnherad

Statsforvaltaren ber NVE klargjere heimelsgrunlaget for å kunne handsame søknaden om utsett frist for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet. Vi viser vidare til føringar for konsesjonen frå 2012 om at Kvitnadalen skulle innlemmast i Folgefonna nasjonalpark dersom prosjektet ikkje blei gjennomført. Vi rår derfor frå å forlenge byggjefristen for dette prosjektet.

Vi viser til høyringa av søknad om forlenga byggjefrist for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet, og inkludert inntak av bekkar i Kvitnadalen og Botnane.

Bakgrunn

Tiltaket er eit opprustings- og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt) som skal bidra til auka regulerbar kraftproduksjon i Mauranger-reguleringa. Det blei gitt konsesjon 30.3.2012, men av økonomiske årsaker blei ikkje prosjektet realisert innan fastsett frist. Byggjefristen blei derfor forlenga i 2017, til 30.03.2022.

Saka må sjåast i samband med at Statkraft i mai 2022 sendte søknad til NVE om konsesjon til å byggje Mauranger 2 kraftverk. Søknaden omfattar eit større O/U-prosjekt der overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet inngår som ein del av prosjektet, men tre bekkeinntak i Kvitnadalen, og eitt bekkeinntak i Botnane, vil då bli utelatne. Vatn frå bekkfeltet i Kvitnadalen vil i staden bli pumpa opp frå Midtre Kvitnadalsvatnet på ein ny tilløpstunnel. NVE har vurdert konsesjonssøknaden og tilrådd at det blir gjeve konsesjon til Mauranger 2, og har samstundes behandla revisjon av konsesjonsvilkår for Maurangervassdraga. Begge sakene er sende som innstillingar til Energidepartementet, og departementet skal slutthandsame og gjere vedtak i desse sakene.

Dersom Mauranger 2 ikkje får konsesjon, vil Statkraft vurdere overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet som eit sjølvstendig tiltak. Selskapet søkte derfor om ei ytterlegare forlenging av byggefristen for denne konsesjonen frå 2012, til 30.3.2030, slik at det er tilstrekkeleg tid til å avklare konsesjonsspørsmålet om Mauranger 2. Søknaden blei sendt 29.3.2023, om lag eitt år etter den forlenga fristen for å starte bygginga.



Vår vurdering

Det følger av vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom bygginga ikkje har starta opp innan fem år frå konsesjonen blei gitt, men byggjefristen kan forlengast. Det er ingen avgrensing i tal gonger ein byggjefrist kan utsettast, men i lovforarbeida er det vist til at praksis likevel er at «.. det normalt kun gis én begrenset fristutsettelse, og da gjerne med en passus i vedtaket om at ytterligere fristutsettelse ikke kan forventes.»¹ Vi kan ikkje sjå at det i vassdragsreguleringslova er heimel for å gi utsett byggjefrist for ein konsesjon etter at den allereie har falle bort.

Den forlenga byggjefristen som blei gitt i 2017 gjekk ut 30.3.2022, og ut frå systemet i vassdragsreguleringslova, falt då konsesjonen bort frå same tidspunkt. Konsesjonen falt altså bort om lag eitt år før det blei søkt om ny utsett byggjefrist. Dette var òg før Statkraft sende søknad om Mauranger 2, og etter kvart òg revisjonsdokumentet for Maurangervassdraga. Ut frå at saka no gjeld søknad om utsett byggjefrist for ein konsesjon som har falle bort, må vi be NVE vurdere om det er heimel til å kunne handsame søknaden.

Vi vil vidare framheve at det er vesentlege føringar om bekkeinntaka i Kvitnadalen i konsesjonen som blei gitt i 2012. Kvitnadalen låg innanfor opphavleg foreslått grense for Folgefonna nasjonalpark, og det understrekar at det er spesielt store naturverdiar knytt til denne delen av utbyggingsområdet. I regjeringas vedtak blei grensa trekt utanom Kvitnadalen, på grunn av kraftutbyggingsplanane.

I forarbeida til verneforskriftene for Folgefonna nasjonalpark seier Miljøverndepartementet følgjande om nasjonalparken og O/U-prosjektet i Kvitnadalen: «.. Nasjonalparkgrensa skal derfor trekkjast utanom Kvitnodalen. Dersom prosjektet ikkje blir gjennomført, vil området seinare bli teke inn i nasjonalparken.»² Dette er òg lagt til grunn i konsesjonssøknaden for Mauranger 2, s. 2-3: «I prosjektet er det utelatt 3 bekkeinntak i Kvitnadalen som ligger i konsesjonen for Blådalsoverføringen. Utelatelse av disse bekkeinntakene medfører at Folgefonna nasjonalpark blir 1,2 km² større.» Mauranger 2 legg altså opp til å utnytte vassressursen slik at inngrepa og vassuttaket kjem utanfor den eventuelle nye nasjonalparkgrensa.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, ber vi NVE klargjere heimelsgrunnlaget for å kunne handsame ei ny fristutsettjing for denne utbygginga. Vi rår vidare sterkt frå å gi ytterlegare utsett byggjefrist, og vi viser til føringar for konsesjonen som blei gitt og som har konsekvens for nasjonale naturverdiar.

Vi ber om å bli orientert om NVEs vurdering av heimelsgrunnlaget, slik at vi eventuelt kan følge saka vidare opp.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ St. Prp. 117 L 2016-2017 Endringer i konsesjonslovgivningen for vannkraft (lovrevisjon), s. 48.

² Kgl. res. av 29.04.2005 ref. i Særskilt vedlegg til Prop. 1 S Energi- og vassdragsforvaltning (2012-2013) Meddelte vassdragskonsesjoner 2012, s. 196.



Kopi til:

Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Rosendalsvegen 10
Postboks 7900

5470
5020

ROSENDAL
BERGEN